



Namn på verksemd: Nynorsk kultursentrum

Om institusjonen

Namn NYNORSK KULTURSENTRUM
Organisasjonsnummer 976013263
Telefonnummer 70047570
E-post post@nynorsk.no
Bankkontonummer 39914021530

Besøksadresse

Adresse Indrehovdevegen 176
Postnummer 6160
Poststad HOVDEBYGDA

Postadresse

Adresse
Postnummer
Poststad

Kontaktperson

Fornamn Per Magnus Finnanger
Etternamn Sandsmark
Telefonnummer 90812196
E-post per@nynorsk.no

Oppsummering og kontroll

Oppsummering av søknadsbeløp	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2020	2020	2021	2022
Kulturdepartementet	22 450	22 450	22 965	25 965
Sum nye tiltak				3 000
Oppsummering av søknad				
Totale eigeninntekter	8 022	2 425	6 174	4 625
Ord. offentlig driftstilskot	28 023	27 498	28 782	31 863
Anna offentlig driftstilskot	2 358	3 041	7 433	2 585
Totale driftsinntekter	38 403	32 964	42 389	39 073
Totale driftskostnader	37 628	31 429	42 169	39 036
Driftsresultat	775	1 535	220	37
Årsresultat	835	1 686	280	97

	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020
Sum egenkapital	4 601	7 056	8 742

Eg stadfestar at tala er korrekte ☐

Rapport - Økonomisk utvikling

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til likviditet

Nynorsk kultursentrum har god likviditetsstyring. Stiftinga har ingen langsiktige gjeldsforpliktingar og kontrollen over kontantstraumen gjer at NK til ein kvar tid kan halde dei økonomiske forpliktingane våre. Større investeringar blir planlagt i tråd med likviditeten, også for 2021-2022.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigeninntekter

Eigeninntektene har gått noko ned. Det gjeld særleg kafé og butikk. Vi har kutta vare- og personalkostnader for desse to områda slik at netto inntening har vore noko høgare i 2018-2020 enn før. Dette tilhøvet vil også betre seg med nye grep gjort frå 2021. Til dømes har vi redusert vareutvalet i nettbutikken, då særleg boksar har vore lite lønsamt, og har større netto inntening.

Utleigemarknaden har vore svak i 2020. Også billettinntektene har vore svake, utanom ved Hugesenteret og Aasentunet i sommarsesong. Vi har tru på auka eigeninntekter ved full drift av tre arenaer frå og med hausten 2021, men ser at arrangement er vanskelegare enn tidlegare. Biblioteka, med sitt gratistilbod, er større konkurrent enn før.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til kostnader knytt til løn og pensjon

Lønsveksten er noko høgare enn for offentleg sektor, museumsbransjen og landssnittet. Frå 1.1.2021 har vi ny lokal løns- og arbeidsavtale, som har redusert ansiennitetsstigen og skapa meir føreseileg - og gjennomsnittleg - lønsutvikling for stiftinga. Forskarforbundet har vore ein svært konstruktiv samarbeidspart ved denne reforhandlinga.

I 2022 aukar lønskostnadene noko. Prioriteringa av barne- og ungdomsformidling og samlingsforvaltning/ forskning fører til noko auka lønskostnader ein periode, men det er rekna med tilsvarande innsparingar på andre område.

Pensjonskostnadene er låge og stabile. Budsjetta blir justerte i tråd med premieprognose frå Statens pensjonskasse.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigenkapital

Styret har over tid hatt mål om å byggje denne opp til 15,0 prosent av dei årlege driftskostnadene. Det er no nådd, og det er planar om å halde på dette tilhøvet. Det sikrar likviditet, finansinntekter og høve til å ta større uføresette vedlikehaldskostnader.

Noko av eigenkapitalen er sett av ved avsettingar til prosjekt osb. Av 2020-overskotet er mykje sett av til

- studieturar, styret og tilsette (550') for å etablere kontakt med kvenske, samiske og teiknspråklege miljø, same beløp som reduserte reisekostnader i 2020
- ny profil (100')
- avtale om overføring av opphavsrettslig materiale til NK frå Ottar Grepstad (310')
- etablering av Vinjesenteret (250'), grunna foseinkingar pga. korona
- vedlikehaldsfond (250')

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Det er ei utfordring over tid at korkje staten eller dei andre offentlege tilskotsgivarane kompensere fullt for løns- og prisvekst kvart år. Det gjer at stiftinga må effektivisere tilbodet i større grad. I første omgang er det gjort effektivisering av sals- og administrasjonskostnader for å styrkje det kulturfaglege tilbodet. Det kan gå utover kulturfagleg tilbod også i løpet av dei neste fem åra, dersom dette held fram.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Nynorsk kultursentrum har dei siste tre åra reforhandla avtalar for IKT-drift, rekneskap, reinhald, nettsideavtale og nettbutikkdrift. Grunna nokre overgangskostnader vil vi ikkje ha full effekt av dette før for rekeneskapane i 2021/2022.

NK har hatt høge lønskostnader for eigeninntektene, særleg for kafé- og butikkdrift. Det har ikkje kome fram av rekneskap/ rapportar. Reelle eigeninntekter har auka monaleg etter at vi har flytta personalressursar til andre område, som formidling, forskning og forvaltning.

Vi har også endra drifta av Allkunne, slik at vi nå gir pengar direkte til leksikonformidling på nynorsk, og brukar mindre ressursar på administrasjon og nettdrift.

Økonomi - Eigeninntekter

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2020	2020	2021	2022
Billettinntekter	1 690	455	1 130	1 910
Honorar	0	10	25	75
Inntekter frå butikk	1 280	933	944	1 190
Inntekter frå kafé	690	188	414	570
Inntekter frå andre varer				
Utleige av lokale	150	39	55	105
Andre tenester		22		
Sponsorinntekter	236	47	20	25
Gåver	980	612	1 535	550
Andre	2 996	119	2 051	200
Totalt	8 022	2 425	6 174	4 625

Budsjettpostane «Honorar», «Inntekter frå andre varer» og «Inntekter frå andre tenester» bør spesifiserast her.

Nedgangen i eigeninntekter i søknadsbudsjettet kjem av at vi i 2021 brukar store gåveinntekter på ny basisutstilling i Vinje. Bruken av avsettingar (andre inntekter) blir også redusert av same årsak.

Vi har forsiktig budsjettert med butikk- og kafeinntekter. Der har vi oftast hatt lågare inntekter enn budsjettert.

Honorar er for arrangement/ føredrag på turné der vi ikkje har billettinntekter, men der samarbeidsarrangør betalar for delar av kostnadene.

Sponsorinntekter: Inntektsføring av rabattavtale/ sponsoravtale med Sunnmørsposten

Gåver: Fritt Ord, Sparebank1 Søre Sunnmøre, Sparebankstiftelsen, Norsk Forfattersentrum

Andre inntekter: Avsettingar frå tidlegare års overskot. I 2021 er det også ein eigendel for tilsette for ein studietur.

Inntekter frå andre tenester: Vi har gjort nokre språkoppdrag for eksterne tenester.

Økonomi - Offentleg tilskot

Ordinært offentlig driftstilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads-budsjett
	2020	2020	2021	2022
Kulturdepartementet	22 450	22 450	22 965	25 965
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	2 183	2 383	2 278	2 516
Kommune/kommunar	3 390	2 665	3 539	3 382
Anna				
Totalt	28 023	27 498	28 782	31 863

Spesifisering av anna offentlig ordinært driftstilskot

Oppgangen i fylkeskommunalt tilskot i 2022: Nynorsk kultursentrum søker Vestfold og Telemark fylkeskommune om auke slik at fylkeskommunen og kommunen ligg på same nivå på finansiering, slik det gjer i Vestland/ Ulvik.

Nedgangen i kommunalt tilskot i 2022: Ulvik herad går frå ei festivalfinansiering på 1 100 000 per festival (annankvart år) til 800 000 kr per festival.

Andre offentlege tilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads-budsjett
	2020	2020	2021	2022
Kulturdepartementet		1 210	1 054	
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		600	1 530	350
Kommune/kommunar			2 134	335
Den kulturelle skolesekken	1 657	851	1 569	1 670
Anna	701	380	1 146	230
Totalt	2 358	3 041	7 433	2 585

Spesifisering av andre offentlege tilskot

KUD: Tilskot til basisutstilling Vinjesenteret og koronatilskot.

Fylkeskommune: Tilskot til basisutstilling Vinjesenteret + koronatilskot for utsett festival (100') i Ulvik + Litteraturhus Møre og Romsdal (350') for arrangement ved biblotek i heile fylket

Kommunar: Tilskott til basisutstilling Vinjesenteret + frå og med 2021 15' frå kvar av dei 13 kommunane på Sunnmøre til Litteraturhus Møre og Romsdal

Annet: Kulturrådet-tilskot til festivalane i Vinje og Ulvik, tingsingsverk, forskingsprosjekt med musea i Møre og Romsdal, utviklingsprosjekt digital festivalkjensle, Forskingsrådet til digital festivalkjensle, nokre mindre kommunale/ fylkeskommunale tilskot

Totale driftsinntekter	38 403	32 964	42 389	39 073
-------------------------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Økonomi - Driftskostnader

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2020	2020	2021	2022
Utgifter til butikk	647	688	591	565
Utgifter til kafé	240	105	215	215
Andre varer og tenester	9 406	5 741	10 142	5 354
Lønnskostnader	18 275	16 839	18 441	19 464
Pensjonskostnader	1 012	1 096	958	989
Avskrivinger	697	698	729	800
Drift av lokale	1 050	953	1 762	1 860
Vedlikehold av lokale/bygg	370	442	340	400
Husleigekostnader	353	259	438	465
Andre driftskostnader	5 578	4 608	8 553	8 924
Totale driftsutgifter	37 628	31 429	42 169	39 036
Driftsresultat	775	1 535	220	37

Økonomi - Finansposter og ekstraordinære poster

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2020	2020	2021	2022
Finansposter				
Finansinntekter	60	152	60	60
Finanskostnader	0	1	0	0
Resultat	60	151	60	60
Ekstraordinære poster				
Ekstraordinære inntekter		0		
Ekstraordinære kostnader		0		
Resultat		0		
Årsresultat	835	1 686	280	97

Økonomi - Balanse

Anleggsmidler	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmidler	4 288	3 749	3 282
Finansielle driftsmidler			
Sum anleggsmidler	4 288	3 749	3 282
Omlaupsmidler			
Varer	1 245	1 218	1 117
Krav	833	482	844
Finansielle investeringar			
Bankinnskot, kontantar o.l.	4 896	9 733	15 035
Sum omlaupsmidler	6 974	11 433	16 996
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	270	270	270
Opptent eigenkapital	4 331	6 786	8 472
Sum eigenkapital	4 601	7 056	8 742
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld	6 661	8 126	11 536
Sum gjeld	6 661	8 126	11 536
Summering			31.12.2020
Sum egedelar			20 278
Sum eigenkapital og gjeld			20 278

Eg stadfestar at rekneskapen er revidert



Kryss av her viss tiltaket er ei kommunal/ fylkeskommunal eining og ikkje utarbeider eigen balanse.



Kommentarar til rekneskap og balanse. Sjå hjelpetekst.

Stiftinga har fått eit tilskot på 1 600' kr frå KUD til basisutstilling i Vinje. Desse er ført mot kostnadene til utviklinga av basisutstillinga som er aktivert som ei investering. Difor er desse midlane ikkje synlege i driftsrekneskapen.

Stiftinga har fått 400' frå Kulturrådet til aspirantordning, og tilsette aspirant ved Vinjesenteret for eitt år frå 1.10.20. 300' av desse midlane er difor ført som kortsiktig gjeld. Det same gjeld tilskot på 400' frå Kulturrådet løyvd til forskning på digital festivalkjensle. Heile potten er der ført som kortsiktig gjeld.

100' av varekostnadene er knytt til behaldningsendring i samband med ein større gjennomgang av varelageret.

Lønnskostnadene er låge på grunn av fleire langtidssjukemeldingar og samla 1 020' kr i offentlege refusjonar.

Delar av overskotet er etter vedtak i styret og i samråd med revisor sett av til framtidige forpliktingar:

- * 550 000 kr studieturar til samiske/ kvenske miljø, dette er same summen som vi brukte mindre på reiser enn revidert budsjett 2020.

- * 100 000 kr ny profil, som blei utsett til første halvår pg.a. forseinkingar. Det er same summen som vi brukte mindre på marknadsføring i 2020.

- * 310 000 kr kjøp av opphavsrettsleg materiale frå Ottar Grepstad (gjort avtale seint i 2020, og overført pengar i 2021)

- * 250 000 kr etablering av Vinjesenteret: utsett innflytting til seint i 2020 bl.a. pg.a. koronarestriksjonar

- * 250 000 kr vedlikehaldsfond, det er auka vedlikehaldskostnader i Aasentunet dei komande åra.

Resten (226 042 kr) går til styrkning av eigenkapitalen.

Det var planlagt med eit overskot for å styrkje vedlikehaldet av institusjonen og vere budd på dei store investeringane vi gjer i 2021 (ny resepsjon Aasentunet, nytt ventilasjonsanlegg Haugesenteret og ny basisutstilling Vinjesenteret).

Rapport - Vurdering av måloppnåing

Rapportering av måloppnåing (oversyn)

Namn på mål

Forsking: Tre tilsette skal vere kvalifiserte som konservator NMF

Fornying: Setje i gang eit internasjonalt samarbeidsprosjekt

Formidling:

Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller vaksne i minst 75 kommunar

Forvaltning:

Fullføre arbeidet med registrere og katalogisere kulturhistoriske gjenstandar frå samtidsdokumentasjon 2000-2014 og fotosamlinga ved Hauge-senteret i Primus

Formidling: Lansere Nynorsk.no

Andre krav og føresetnader for statstilskotet i rapporteringsåret

NK gjennomfører publikumsundersøkingar for digitale tenester, Kulturrådet si undersøking og eigne undersøkingar ved festivalane. I tillegg har vi etablert fokusgrupper etter målgruppene våre.

NK har etablert ein mangfaldsplakat, som blir brukt i både formidlings-, organisasjons- og forvaltningsarbeid. NK utviklar både DKS-produksjon og har vandreutstilling om skeiv litteratur. Døme frå norsk teiknspråk, samiske språk og nasjonale minoritetsspråk er gjennomgåande i utstillingane våre.

NK har universell utforming som utgangspunkt for alle formidlingstiltak. Det er fri inngang med fylgjeprøve.

NK har system for tryggleik og vernebuing.

NK oppmodar å reise med buss/ tog, har el-varebil i Ørsta, har utvida kjeldesortering. Geiter pleia kulturlandskapet i Aasentunet.

NK har jamleg formidling om t.d. stadnamn, ord/ uttrykk, dialekt og har også folkemusikk/song som viktig del av vårt formidlingstilbod. Vi har sett i gang dokumentasjon av korleis dialekt er brukt offentleg.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

NK har rutinar for intern varsling, og har også særlege retningslinjer for å ivareta sjølvstendig næringsdrivande som har oppdrag for oss.

Nye vedtekter er til godkjenning hos Stiftelsestilsynet.

NK nytta tilskotet i juni til å auke aktiviteten, utvide sommarsesongen, opningstider og tilsette fleire sommarvikarar enn det vi hadde planlagt fram til då.

Vestfold og Telemark, Vestland og Vinje har auka tilskota til Nynorsk kultursentrum i 2020. Frå 2021 er det eit prøveprosjekt med Møre og Romsdal og kommunane på Sunnmøre om formidling i heile regionen. Ved evalueringa av prosjektet vurderer fylket fast tilskot.

Vinjesenteret har fire fast tilsette og utviklar innhald til basisutstilling. Tidlegare øyremerkt tilskot til Vinjefondet er brukt til å opprette forskar II. Vi har også etablert ei konservatorstilling for journalistikk. Frå 2020 har NK avtale med Store norske leksikon om leksikonformidling, for å nå fleire lesarar og skape meir merksemd om nynorsk skriftkultur.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Forsking

Tittel/omtale av mål

Tre tilsette skal vere kvalifiserte som konservator NMF

Omtale av venta resultat i høve til målet

I 2019 kartleggjer Nynorsk kultursentrum kompetansen til dei kulturfaglege tilsette, med sikte på å heve det faglege nivået, auke arbeidet med forsking, og sikre utstillingar og formidlingsopplegg av høg kvalitet. Nynorsk kultursentrum deltek også i fleire eksterne forskingsprosjekt i 2019 og 2020, der eit viktig resultatkrav er auka eigenkompetanse på forsking.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Nynorsk kultursentrum har styrka forskingskompetansen, og har no ein konservator NMF, to med doktorgrad, ein som disputerer i 2021 og ein som har søkt om vurdering som konservator NMF i 2021. I tillegg er tre tilsette i løp for å få mastergrad. Fleire av desse er motiverte til å forske vidare etterpå.

Fleire tilsette har fått avsett tid til forsking. Målet er at dette både skal føre til fleire publikasjonar og meir forskingsbasert formidling. Dette er fastsett i strategisk personalplan med tiltak (vedteke i 2020).

I 2020 oppretta vi også ei forskar II-stilling ved museet, som både driv fram eigne prosjekt og driv fagleg rettleiing av våre forskarar. Professor i historie, Narve Fulsås (UiT), er tilsett i stillinga.

Nynorsk kultursentrum deltek i forskingsgruppa for nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda, innførte i 2020 felles fag- og forskingsseminar med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og driv eit eige forskingsnettverk for poetisk tenkjing, med deltakarar frå UH-sektoren.

Nynorsk kultursentrum fekk ny forskingsplan i 2020. Ved vakansar i 2020 har vi vald å samle forskings- og samlingskompetansen i Ørsta, tett på fagmiljøet ved Høgskulen i Volda (og styrkja miljøa for fysisk og digital nasjonal formidling i Vinje og Østa i staden). Det blei også i 2020 semje med Forskarforbundet om omorganisering av Nynorsk kultursentrum. Frå 1.1.2021 har vi ein eigen seksjon for samling og forsking, på tvers av lokasjonar. Talet årsverk til dette er auka.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Fornyng

Tittel/omtale av mål

Setje i gang eit internasjonalt samarbeidsprosjekt

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum leier International Network of Language Museums. Nokre museum, særleg dei i Sør-Korea, Litauen og Canada, er store nok til at dei kan vere med på eit større samarbeidsprosjekt med utstilling, nettutstilling eller felles publisasjon. Det er teke initiativ til tettare samarbeid mellom desse musea i 2018 og 2019.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Nynorsk kultursentrum har saman med Valodu māja (Språkas hus) i Latvia søkt EØS-midlar i 2020, som vi vonar om svar på frå 2021. Stiftinga i Latvia har som mål å etablere eit språkmuseum før 2030. Dei brukar språk for å fremje positiv og sosial endring i samfunnet. Vi samarbeider om digitalt formidlingsmateriale og utvikling av språkmuseum som institusjons- og utstillingstype.

Det er også dialog med dei andre internasjonale musea, men det er førebels avgrensa til gjensidig informasjonsutveksling. Nynorsk kultursentrum har teke initiativ til meir konkrete samarbeidsprosjekt, men det har vore lite interesse for felles formidlingsprosjekt i første omgang.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Formidling

Tittel/omtale av mål

Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller vaksne i minst 75 kommunar

Omtale av venta resultat i høve til målet

Det er nynorske skulekrinsar i 139 kommunar i 2018. Etter kommunereforma er det om lag 120. I tillegg er det registrerte nynorske skattebetalrar i alle kommunane, flest i dei største byane. For å nå formålet vårt må vi nå desse nynorskbrukarane, og gjere innbyggjarane elles i desse medvitne den nynorske skriftkulturen.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Vi hadde arrangement og utstillingar i 54 kommunar i alle fylke utanom Viken. Det var avtalt arrangement, utstillingar og turnear i 20 andre kommunar i tillegg (inkludert fleire kommunar i Viken). Dei blei avlyste pga. korona.

Samstundes har vi vidareutvikla vårt målgruppearbeid. Vandreutstillingar som er utarbeidde i 2020 har vore testa på tilbydarar (bibliotek, museum, kyrkjer, skular) og på fokusgrupper som er samansett av målgruppene våre (skuleelevar i ungdomsskule og vgs., småbarnsfamiliar og kulturinteresserte vaksne).

Vi prøver å nytte kjende inngangar til å lokke publikum ut i noko meir ukjend. Vi har vidareutvikla turnekonseptet "Lytt til lyrikken" der ein songpoet inviterer med seg ein favoritt blant dei norske skriftlyrikarane, og reiser på turné for å snakke om nettopp lyrikk. Då dreg vi inn nytt publikum til lyrikksjangeren. I 2020 var Daniel Kvammen i samtale med Fredrik Høyer. Sist var Frida Ånnevik på tur med Anna Kleiva. Ein annan turné var om fotball og litteratur der journalist og forfattar Nils Henrik Smith tok med seg kjende folk og snakka om fotball og litteratur på folkebiblioteka.

To av DKS-turneane fekk i 2020 digitale erstatningar der turneane blei avlyste: Ein nordmann kan ikkje vera våpenlaus om battlerap og Olav H. Hauge og Tenk om eg var ein tanke, ein produksjon om lyrikk og filosofi for 1.-4. steget. Framsyninga "Les for livet" blei utvikla frå ei scenisk framsyning til ei fluktrute (escape room) der ungane løyser oppgåver sjølve.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål	Forvalting
----------	------------

Tittel/omtale av mål	Fullføre arbeidet med registrere og katalogisere kulturhistoriske gjenstandar frå samtidsdokumentasjon 2000-2014 og fotosamlinga ved Hauge-senteret i Primus
----------------------	--

Omtale av venta resultat i høve til målet

Desse to tiltaka er lagt inn i arbeidsplanane for dei dokumentasjonsansvarlege i 2020. I 2019 registrerer vi dei kunsthistoriske gjenstandane.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Nynorsk kultursentrum har registrert, digitalisert og tilgjengeleggjort samtidsdokumentasjonen frå 2000-2014 og fotosamlinga ved Hauge-senteret i 2020. I tillegg er den vesle kunstsamlinga vår gjort tilgjengeleg. Det skjedde først i 2020, og det er inngått avtale med Bono samstundes. Fotoarkivet til Norsk Allkunnebok (Fonna forlag, 1948-1966) er også gjort tilgjengeleg digitalt.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Formidling

Tittel/omtale av mål

Lansere Nynorsk.no

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk.no skal formidle alt det faglege og aktuelle innhaldet Nynorsk kultursentrum arbeider med. Nettstaden skal også vere inngangsporten til informasjon om stiftinga, avdelingane og ikkje minst om kva nynorsk skriftkultur er.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Nynorsk.no vart lansert som felles digitalt formidlingstiltak ved årsskiftet 2019/2020. Opphavleg skulle vi gjere ei gradvis overgang til nye nettsider, som dei nærmaste åra skulle få meir kulturfagleg/ kunstnarisk innhald, og meir bruk av lyd og video.

Frå og med 13. mars til og med mai etablerte vi ein mellombels prosjektorganisasjon med digitalformidling/ Aleine saman, digital dokumentasjon og formidling om koronatida/ samling og forskning/ drift og administrasjon som fire prosjektgrupper. Alt anna arbeid opphøyrde i unntaksperioden. Det gjorde at vi kunne styrkje måloppnåinga på digitalformidling og samling samanlikna med opphavlege planar.

Aleine saman var eit prosjekt der vi bad forfattarar, teikneserieteiknarar, journalistar, songlyrikarar og andre nynorskskribentar/ kunstnarar lage nytt innhald som dokumenterte koronatida digitalt. Dette vert vidareutvikla til ny vandreutstilling i 2021. Over 70 bidrag førte til nyttig samtidsdokumentasjon, og til å få eit godt trafikkgrunnlag på den nye nettsida vår. Nokre tekstar, blant anna av Maria Parr og Ruth Lillegraven, blei omsett til bl.a. polsk, russisk og publisert internasjonalt.

Andre digitalformidlings-tiltak var meir langsiktige. Vi lagde digitale forteljarstundar, som vi også presenterte med QR-koder ved turmål. Vi fekk utvikla video- og podkastprosjektet Stader for skrift, der vi viser samanheng mellom stad og forfattarskap. Fleire program blei også laga for podkasten Nynorsk no.

Søknad - Mål og prioriteringar

Måla for verksemda i søknadsåret (oversyn)

Målnummer	Tittel/omtale
1	Forsking: Auke forskingskompetansen i stiftinga og forankringa av forskning i organisasjons- og formidlingsarbeidet.
2	Forvalting: Gjere samlingane tilgjengelege og auke samtidsdokumentasjonen.
3	Formidling: Arrangement eller utstilling for barn eller vaksne i minst 100 kommunar
4	Formidling: Tilby oppdatert informasjon om og frå nynorsk skriftkultur på nynorsk.no, snl.no og i andre digitale medium
5	Fornyng: Nynorsk skriftkultur skal vere ein sjølvstendig del av det kulturelle mangfaldet i Noreg

Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Styret i Nynorsk kultursentrum fastsette 6. desember 2019 Språk, kultur og kunnskap til heile landet. Strategisk plan 2020–2025. Denne skal reviderast første gongen i 2022.

Kunnskapsutvikling

Gjennom dokumentasjon, samling og forskning skal stiftinga gi publikum ny og nødvendig innsikt om nynorsk språk og litteratur. Vi aukar vår eigen forskingskompetanse samstundes som vi får fleire forskarar til å arbeide med nynorsk skriftkultur. Vi samlar inn munnlege minne og gjer samlingane våre tilgjengelege for alle.

2022: styrkje forskning som metode i utstillingsutvikling, inkludert tettare samarbeid med UH-/ ABM-sektor.

2023: etablere nasjonal samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur i lag med andre (ekstern finansiering)

2024: samlingar per 2021 skal vere registrert, digitalisert og tilgjengeleggjort.

Nasjonal kulturformidling

Kultur og kunnskap på nynorsk skal vere tilgjengeleg der folk er. Folk er i heile landet, og gjennom strategiske samarbeid skal stiftinga nå over 100 kommunar med arrangement eller utstillingar kvart år. Stiftinga skal også vere sterkt til stades digitalt, både med tekst, lyd og video, på eigne plattformer og i tett samarbeid med større aktørar som når målgruppene våre.

2022: fast system for å nå minst 100 kommunar, styrke podkastformidling, forsterke resultatene i samarbeidet med Store norske leksikon

2023: samarbeide tettare med andre språkmuseum om formidling

2024: fornye nasjonal formidling til barn og ungdom digitalt

Arenautvikling

Vi er til stades i Vinje, Ulvik og Ørsta med museum og festival. Arenaene våre skal vere møteplassar for bygdefolk, arena for skular og barnehagar i nærområda og reisedestinasjon for familiar og vaksne.

2022: første år med heilårsdrift i Vinje, vidareutvikle tankane om vitensenter for humaniora

2023: integrere barnefiguren Lurivar og tilpasse barneformidlinga ved Haugesenteret

2024: førebu ombygging av basisutstilling i Aasentunet til 2025

Organisasjon

Stiftinga skal ha den fremste kompetansen på å formidle, forske på og forvalte nynorsk skriftkultur, og skal vere ein attraktiv arbeidsgivar for kultur- og driftsfaglege tilsette. Nynorsk kultursentrum skal vere effektivt organisert for å nå måla til stiftinga.

2022: revidere strategisk personalplan, evaluere omorganisering

2023: vurdering av budsjettmodell/ fordeling av faste tilskot

2024: gjere medvitne tiltak for å styrkje mangfaldet i organisasjonen

Kommunikasjon

Kommunikasjonen er påliteleg, samlande og kreativ. Nynorsk kultursentrum skal bli betre kjende med fleire målgrupper.

2022: bruke fokusgrupper ved dei fem pilotbiblioteka våre, innføre publikumsundersøking for turneverksemd, inkludert DKS og på bibliotek, halde fram systematiseringa av fokusgrupper

2023: etablere metode for samskaping med målgrupper, utvikle eigne fokusgrupper for å nå fleire av mangfaldsmåla våre og inkludere nye grupper i utviklinga av arbeidet vårt

2024: gjennomgang av tekstproduksjon og tekstar med omsyn til universell utforming

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Forsking
Tittel/omtale av mål	Auke forskingskompetansen i stiftinga og forankringa av forsking i organisasjons- og formidlingsarbeidet.

Omtale av venta resultat i høve til målet

Tilsette i Nynorsk kultursentrum skal bidra med minst 3 vitenskaplege artiklar om nynorsk skriftkultur i 2022. Talet tilsette med PhD eller kompetanse som konservator/ førstekonservator NMF skal halde seg eller auke i 2022.

For å forankre forsking som metode i formidlingsarbeidet set NK i gang eigne forskingsprosjekt og samarbeid med andre som skal danne grunnlaget for nytt innhald for fornying av basisutstillinga i Aasentunet 2025. Alle tilsette, uavhengig av stilling, med mastergrad skal ha tilbod om å delta med tid og ressursar i eit forskingsprosjekt med publisering innan 2025 som mål.

Forskar II-ordninga skal evaluerast i 2022, og bli vurdert endra, gjort permanent eller utvida. Ved gjennomgang av organisasjon og leiargruppe, skal det bli vurdert om funksjon som forskingsleiar med ein med forskingskompetanse skal etablerast i organisasjonen.

NK skal ta initiativ til minst 2 seminar/ konferansar med vitenskaplege bidrag, som kan utviklast til fagfellelvurderte artiklar.

Ved utvikling av utstillingsprosjekt og større formidlingsprosjekt frå og med 2022 skal minst ein person med førstekompetanse (førstelektor, førsteamanuensis, professor, dosent osv.) frå UH-sektor eller ABM-sektor vere inne som konsulent på innhald og fagperspektiv.

NK skal vurdere, i lag med ein UH-institusjon, å få etablert stipendiatstilling til relevant emne for stiftinga.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Forvaltning
----------	-------------

Tittel/omtale av mål	Gjere samlingane tilgjengelege og auke samtidsdokumentasjonen.
----------------------	--

Omtale av venta resultat i høve til målet

Mesteparten av dei kulturhistoriske boksamlingane våre etter Hauge og Aasen skal vere tilgjengelege i Digitalt museum (dei er museumssamlingar, ikkje bibliotekssamlingar). Eit utval av særleg relevante bøker frå desse samlingane skal vere skanna heile, og tilgjengeleg digitalt for allmenta for gjennomlesing.

Over halvparten av Norsk målungdom-samlinga, som institusjonen tek over i 2021, skal vere registrert, digitalisert og tilgjengeleggjort.

Peder Hovdan-arkivet over norsk målreising blir gjort digitalt tilgjengeleg.

Ved planlegging av fornying av utstillinga i Aasentunet frå 2025 skal det vurderast om større delar av samlingane kan vere tilgjengelege for publikum .

Det skal vere etablert eit system for at frivillige kan hjelpe til med namning av foto, transkribering av arkivkjelder, innsamlingsarbeid mm.

Nynorsk kultursentrum held fram med systematiske minneintervju med innsamling av munnlege minne om nynorsk skriftkultur. Det blir vurdert å utvide med større innsamling av minne om særskilde emne/ hendingar.

Det blir etablert fotodokumentasjon av kvardagsnynorsk (skilt, oppslag, reklame, kvardagstekstar) og bruk av frivillige til det.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Formidling
----------	------------

Tittel/omtale av mål	Arrangement eller utstilling for barn eller voksne i minst 100 kommunar
----------------------	---

Omtale av venta resultat i høve til målet

Kjennskap til nynorskområde: Nynorsk kultursentrum inngår hausten 2021 avtale med bibliotek i Viken, Innlandet, Agder og Rogaland (fylka med nynorskelevar/ -kommunar der vi ikkje har fast verksemd) om fast formidling, samarbeid om bruk av fokusgrupper/ uttesting av formidlingsformat og tema. Desse emna blir utvikla vidare.

Den kulturelle skulesekken: Vi har premiere på dei nye produksjonane om poesi og språkleik (slamposi for 1.-4. steget), skeiv litteratur (5.-7. steget), språk, dans og arkitektur (8.-10. steget), journalistikk og kjeldekritikk (8.-10. steget). Samstundes vil vi byrje arbeidet med å fornye ein produksjon om språkmangfald og språkpolitikk.

Arrangementsturnear: Minst ein turné har gutar på yrkesfaglege utdanningsprogram i vgs., i område mde nynorsk i grunnskulen som hovudmålgruppe. Denne gruppa held ofte lenger på nynorsk som hovudmål enn andre i område der det er språkbyte, men har få kulturtilbod tilpassa seg. Nynorsk kultursentrum skal sikre skapar- og innhaldsmangfald i alt innhaldet som skal på nasjonale turnear.

Vandreutstillingar: Det er premiere på minst éi ny vandreutstilling i 2022. Fem av dei mest utlånte vandreutstillingane skal reviderast og tilpassast betre til målgruppe og utstillingslokale.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Formidling
----------	------------

Tittel/omtale av mål	Tilby oppdatert informasjon om og frå nynorsk skriftkultur på nynorsk.no, snl.no og i andre digitale medium
----------------------	---

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk.no

Det skal vere publisert nytt kunstnarisk innhald (t.d. skjønnlitterære tekstar, teikneserier eller liknande) på nettsida av eit utval forfattarar/ kunstnarar som representerer mangfaldet i nynorsk skriftkultur i 2022. Det skal vere tilgjengeleg informasjon om nynorsk skriftkultur, særleg tilpassa målgruppa: skuleelevar (ungdomsskule/ vidaregåande), som skal vere lettfatteleg og tilgjengeleg. Relevant statistisk dokumentasjon skal vere oppdatert årleg. Vitskaplege artiklar frå våre forskarar skal bli formidla til allmennpublikumet via våre nettsider.

Snl.no

Ale relevante artiklar frå allkunne.no skal vere ført over til snl.no i 2022. Saman med SNL skal vi etablere system for oppdatering av relevante opplysingar om nynorsk skriftkultur i artiklar om norske kommunar og fylke i 2022.

Andre digitale medium

Nynorsk kultursentrum skal halde fram med podkast-formatet og produsere innhald direkte for podkast som gir innblikk i nynorsk skriftkultur for kulturinteresserte vaksne. Eigne medarbeidarar skal vere blant dei som medverkar i denne kultur- og kunnskapsformidlinga.

Mål for søknadsåret

Hovedmål

Fornyning

Tittel/omtale av mål

Nynorsk skriftkultur skal vere ein sjølvstendig del av det kulturelle mangfaldet i Noreg

Omtale av venta resultat i høve til målet

Det forventede resultatet er todelt. A) Vi ønskjer å gjere den nynorske skriftkulturen meir relevant og representativ med å følgje vår eigen mangfaldsplakat:

1. Mangfald skal alltid vere tema når vi skal engasjere skaparar og utøvarar
2. Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sjanger
3. Undersøk om det er noko vi kan gjere som senker terskelen for å delta
4. Oppsøk og bli kjend med nye miljø og målgrupper for å få relevante innspel
5. Gjennomfør jamleg test av tilbod, program og idear på relevante målgrupper
6. Språk og bilete skal vise at vi inkluderer og er mangfaldige
7. Referansar og døme skal vise at vi kjenner til mangfaldet som finst, både i no- og fortid
8. Jamfør gjerne med andre delar av verda, og hugs at ein då kan bruke døme frå heile verda
9. Informer aktuelle miljø som kan auke mangfaldet i organisasjonen om ledige stillingar
10. Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og akademiske prosjekt
11. Hugs at vi er med på å definere kva ein nynorskbrukar er og gjer
12. Hugs at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar

B) Nynorsk skriftkultur skal vere meir synleg i andre sine samlingar og andres formidling, gjennom samarbeid med oss. Dette gjeld særleg samarbeida med norske folkebibliotek, Store norske leksikon og med Arkivverket og Nasjonalbiblioteket.

Søknad - Mål og nye tiltak

Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot (oversyn)

Prioritering	Namn på tiltaket	Søkt KUD
1	Heilårsdrift av Vinjesenteret og overtaking av formidlinga på Midtbø	600
2	Nynorsk i randsonene	2 000
3	Samlingsstrategi og samtidsdokumentasjon av nynorsk skriftkultur	400

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Heilårsdrift av Vinjesenteret og overtaking av formidlinga på Midtbø
Kostnadsoverslag i heile tusen	975

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2022
Eigenfinansiering		25
Kulturdepartementet		600
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		200
Kommune/kommunar		150
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

Den 26. august 2021 opnar vi Vinjesenteret for diktning og journalistikk. 2022 blir første heile driftsår. Dette er også 125 år sidan Tarjei Vesaas vart fødd, og vi tek over formidlinga av diktarheimen Midtbø (Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas) frå familien.

Dette vil gi nødvendige midlar til

- * husleige, straumkostnader til Vinjesenteret
- * utvikling av pedagogiske tilbod til barnehage, skule og vidaregåande skule ved Vinjesenteret, Vinjestoga, Midtbø, på nett og på turnear (her har vi også dialog med fylkeskommunen om transport)
- * omvisingar, formidlingstilbod og gjennomgang av samlingane ved Midtbø (kulturhistorisk materiale etter ekteparet Halldis Moren og Tarjei Vesaas)
- * fullt sommartilbod ved Vinjesenteret, Vinjestoga (og Midtbø)

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Staten har gradvis trappa opp tilskotet og det manglar no 600 000 kr for å vere på nivå med kommunen sitt ordinære tilskot (før tillegget for overtaking av formidlinga ved Midtbø). Vi har finansiert resten med å nytte tidl. øyremerkte midlane til Vinjefondet. Det har vore riktig i oppstartsfasen, men utan auka finansiering til både lokal formidling og nasjonal formidling til barn og unge, får vi ikkje til nødvendige løft for samlingsforvaltning og forskning.

Kommunen gir allereie sin del av tilskotet, men vi søker i 2021 om midlar til å finansiere auka driftskostnader ved å ta over formidlinga ved Midtbø.

Vi har trappa opp eigenkapitalen dei siste åra, men dei neste åra står store vedlikehaldsprosjekt i Aasentunet for tur.

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Nynorsk i randsonene
Kostnadsoverslag i heile tusen	2 000

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2022
Eigenfinansiering		334
Kulturdepartementet		2 000
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		333
Ikkje-offentleg finansiering		333

Grunngiving

Nynorsk har frå 2000 til 2020 blitt svekkja i Valdres/Gudbrandsdal, Numedal, Aust- og Midt-Telemark, Indre Agder, Rogaland, Nordmøre, Romsdal, kommunar rundt Haugesund, Bergen, Ålesund. Regjeringa slår i meldingsdelen til språklova fast at reduksjonen i nynorskelevar er eit symbol på at språkpolitikken er ikkje følgt og nådd. Nynorsksenteret (Nys), Nynorsk kultursentrum (NK) og Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) går saman. Kostnadene fordeler seg til prosjektleiing (500), skule (800), bibliotek og kulturliv (800), barnehage (400), forskning og dokumentasjon (500). Målgruppene er ungdomsskule/ vgs og barnehage. For NK er kartlegging av språkstatus, utstillingar/ arrangement på bibliotek/ museum hovudoppgåvene.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Systematisk tilnærming til randsoner-/ språkbyteproblematikken krev samling og samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsksenteret. Det krev også ustrakt reising, etablering av samarbeid og metodar på tvers av barnehage-, skule- og kultursektorar, og i ulike delar av landet. Ytterlegare overflytting av eigne ressursar til randsoner vil gjere det vanskeleg å prioritere å vere til stades i kjerneområda for nynorsk og i større kommunar. Det er avgjerande for å nå føremålet til institusjonen å gjere nynorsk skriftkultur tilgjengeleg for barn, ungdom og vaksne i heile landet.

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Samlingsstrategi og samtidsdokumentasjon av nynorsk skriftkultur
Kostnadsoverslag i heile tusen	500

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2022
Eigenfinansiering		100
Kulturdepartementet		400
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

Dette tiltaket inkluderer

- * samtidsinnsamling til nynorsk skriftkultur, inkludert minneintervju med video og lyd
- * kartlegging av kva som fell utanfor pliktavlevering og andre institusjonars samtidsdokumentasjon av andre område
- * samlingsplan og kriterium for prioritering av nasjonale, regionale og lokale privatarkiv, offentlege dokument, gjenstandar, foto
- * relevans- og representativitetskriterium (mangfaldskriterium) for nynorsk skriftkultur på ulike område, inkludert næringsliv, kulturliv
- * rettleiing av andre abm-institusjonar om nynorsk skriftkultur
- * standardar/ rutinar for å sikre at nynorsk skriftkultur er tilgjengeleg i samlingane til andre i Nasjonalbiblioteket, Digitalarkivet/Arkivportalen, Digitalt museum
- * statistikk

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Nynorsk kultursentrum har gradvis styrkja forskingsressursane våre. Framleis utvikling av forskingsprosjekt, utarbeiding av vitskaplege artiklar og styrka forskings- og dokumentasjonsarbeid krev både tid og kapasitet. Derfor er det nødvendig å auke kapasiteten til Nynorsk kultursentrum for å sikre ein felles samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur frå 2022, og tiltaket bør gjennomførast med auka midlar.

Det er også behov for auka arkivkompetanse og kulturhistorisk kompetanse i institusjonen. Det har vore bygt opp kompetanse på bibliotekvitskap, litteratur, språk, journalistikk, men ikkje på den meir samfunnsorienterte delen av nynorsk skriftkultur.

Avslutting

Har institusjonen sendt separat søknad om investeringstilskot frå posten Nasjonale kulturbygg for søknadsåret?

- ☐ Ja
☐ Nei

Eg er kjent med at søknaden er offentlig.

☐

Andre kommentarar til søknaden
